Håslått 2 veker seinare enn normalt

06.08.2010

Driv med slått over nesten heile Kvinnherad: Arne Johannes, Stian og Tor Ove Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Håslåtten er i igang 2 veker seinare enn normalt.. Det har samanheng med den lange og kalde vinteren, som i første omgang forsinka førsteslåtten like mykje.

Haugland Maskin vil truleg produsera litt færre rundballar enn i fjor. Det normale er rundt 5.000.

Også det varierande veret har gjort håslåtten sein. Det har ikkje vore så enkelt å koma ut på bakken nokre stader.

Difor har graset vorte ståande litt for lenge og har også tapa seg i forverdi. Men skilnaden er stor i kommunen og lengst har dei kome i Åkra og på Sandvoll, Der er dei ferdige med håslåtten.

Men mange får nok ikkje slått ein tredje gong i år, seier Stian Haugland til Grenda.

Uskedelingane i Haugland Maskin driv med slått i heile Kvinnherad med unnatak av Ølve og Halsnøy.